

Kunnskapsministeren
Innvandrings- og inkluderingsministeren

Kommunene

Dato
18.12.2015

Bruk av folkehøgskole ved busetting av einslege mindreårige flyktningar

Det er ein sær stor auke i talet på einslege barn og unge under 18 år (einslege mindreårige) som skal busettast i 2016. Prognosar viser at det er behov for å busette 4 400 einslege mindreårige i 2016. Om lag 2/3 av desse er i alderen 16-18 år.

IMDi har oppmoda nær alle busettingskommunane om òg å busette einslege mindreårige. Sjå www.imdi.no for nærare informasjon om behovet for busetting av flyktningar og einslege mindreårige og dei ulike tilskotsordningane som følgjer med busetting av flyktningar.

Folkehøgskolane har teke initiativ til å ta i mot om lag 280 einslege mindreårige flyktningar frå januar 2016 og ut skoleåret (midten av mai 2016). Frå hausten 2016 kan folkehøgskolane ta i mot endå fleire einslege mindreårige flyktningar, så framt bruken av plassane vert planlagt og avtala tidleg i 2016 under opptaket for skoleåret 2016-2017.

Bruken av folkehøgskolane i arbeidet med busetting av einslege mindreårige flyktningar krev at det blir inngått konkrete avtalar mellom den enskilde kommunen og folkehøgskolen. Kostnaden for kommunane ved ein elevplass, inkludert undervisning (medrekna grunnleggjande norskopplæring), kost og losji og nødvendig utstyr til opphaldet på folkehøgskole utgjer om lag 33 000 kroner per måned. I samråd med Folkehøgskolerådet har vi utarbeidd følgjande rettleiande satsar per einsleg mindreårig asylsøkar per måned :

- 21 000 kroner i fast tilskott
- 7 000 kroner til nødvendig utstyr og opphald i feriar i løpet av skoleåret (av dette skal om lag 1500-2000 kroner nyttast til utstyr)
- 5 000 kroner til grunnleggjande norskopplæring

I tillegg kjem 1 040 kroner i lommepengar.


Satsane tek utgangspunkt i gjennomsnittskostnader per elev i folkehøgskole når reiser til utlandet ikkje er inkludert.

Vi set pris på at folkehøgskolane vil delta i ein dugnad for einslege mindreårige flyktningar, og trur at opphald på ein folkehøgskole kan vere eit positivt bidrag til integreringa for desse ungdommane. I denne samanhengen viser vi til at det allereie finst gode lokale døme på avtalar mellom kommunar og folkehøgskolar om tilbod for unge einslege asylsøkarar. Erfaringane viser at tilbodet fungerer best for ungdommar på rundt 17 år som kan dra nytte av tilbodet innafor ein individuell plan for utdanning.

Vi legg til grunn at kommunen sørger for at personar over 16 år får dei rettane dei har etter introduksjonslova. Vi viser elles til at folkehøgskolane ikkje tilbyr formell opplæring etter opplæringslova. I den utstrekning unge einslege flyktningar på folkehøgskole har rett til grunnskoleopplæring må det leggjast til rette for kommunen kan tilby dette i samarbeid med folkehøgskolen. Tilsvarande bør det leggjast til rette for at ungdommar med rett til vidaregåande opplæring frå hausten 2016 blir informert om søknadsfristar mv. Fylkeskommunen har ansvaret for vidaregåande opplæring, og dette bør på ein formålstenleg måte bli tilrettelagt i samarbeid med folkehøgskolen.

Vi oppmodar dei kommunane som har høve til å busette einslege asylsøkarar i folkehøgskole i januar/februar 2016 om raskt å kontakte IMDi for å avklare aktuelle ungdommar. Per 1. desember var det om lag 300 einslege mindreårige flyktningar på 16 og 17 år som kommunane ikkje hadde plass til i 2015, og talet veks raskt. Tilbodet må på førehand vere avklart mellom kommunen og den aktuelle folkehøgskolen.

Venleg helsing



Sylvi Listhaug

innvandrings- og integreringsminister



Torbjørn Røe Isaksen

kunnskapsminister

Kopi:

Folkehøgskolerådet

Fylkeskommunane

Inkluderings- og mangfoldsdirektoratet

Utdanningsdirektoratet

Utlendingsdirektoratet